



Føretaket sitt org.nr.: 951549770

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Kongsvinger, 4. oktober 2016
Vår ref.: 16/31
Dykker ref.:
Avdeling for datafangst og metode

Eigenmeldt sjukefravær – 3. kvartal 2016

Statistisk sentralbyrå (SSB) ber om opplysningar til Eigenmeldt sjukefravær 3. kvartal 2016. Formålet med undersøkinga er å belyse utviklinga i sjukefraværet. Resultatet skal blant anna danne grunnlaget for å utvikle og evaluere tiltak for å redusere sjukefravær. Tal for legemeldt sjukefravær blir henta frå registra hos NAV, mens tal for eigenmeldt sjukefravær berre kan hentast frå verksemdene.

Kva skal rapporterast?

For å kunne lage god statistikk på området er det nødvendig å innhente informasjon om talet på leverte eigenmeldingar, tapte arbeidsdagar og tapte dagsverk fordelt på menn og kvinner.

For meir informasjon, gå til Innrapportering på www.ssb.no. Alle dei utfylte skjemaer er underlagde teieplikt etter statistikklova § 2-4.

Verksemd(a) det skal rapporterast før er lista opp på baksiden av brevet.

Send opplysningane over Internett


De skal sende opplysningane over Internett via innrapporteringskanalen Altinn. Dette er ein sikker måte å rapportere på, og du vil få ei kvittering som viser at opplysningane er innsende. Logg inn på www.altinn.no, og vel frå nedtrekkslista i Min meldingsboks den aktøren du skal representere. Merk at du må ha fått tildelt ei riktig rolle i Altinn som gir deg rett til å svare på skjemaet. Oppstår det problem, sjå Hjelp på www.altinn.no eller ta kontakt med Altinn brukarservice på 75 00 60 00.

Fristen for å rapportere er 21. oktober 2016.

Spørsmål?

Svartenesta er open alle kvardagar mellom kl. 09.00 og 15.00 og nås på e-post sykefra@ssb.no eller på 62 88 51 90. Husk å oppgi organisasjonsnummer ved spørsmål til SSB.

Med helsing


Christine Meyer
administrerende direktør


Anne Sundvoll
seksjonssjef

Meir informasjon på baksida

Opplysningsplikt

Vi viser til tidlegare vedtak om opplysningsplikt som vi har sendt føretaket. SSB samlar inn opplysningane med heimel i statistikklova § 2-2. Ifølge statistikklova § 2-3 har SSB myndigheit til å påleggje dei føretaka som ikkje rapporterer opplysningar innan ein gitt frist, tvangsmulkt.

Meld frå om endringar

Dersom føretaket har endra namn, næring (verksemd/aktivitet) eller adresse, må de melde dette ved bruk av *samordna registermelding*. Meir informasjon finst på www.brreg.no.

Rapporteringa gjeld desse verksemdene: Alle føretak har ei eller fleire verksemdar. Kvar verksemd er registrert med eit eige organisasjonsnummer. Når rapporteringseininga er verksemd, er det dette nummeret som nyttast.

Orgnr.	Namn	Avdeling	Adresse
975286126	SAGSTAD SKULE		Sagstadvegen 76
914415152	MELAND KOMMUNE AVLAUPSVERK		Havnevegen 41A
974586118	MELAND SOSIALKONTOR		Havnevegen 41A